



Sakshandsamar: Guro Hellgren

Referansar: KR 37/06, KR 25/07

Vedlegg:

Dok.nr.	Tittel
KM 6.1.1/07	Plan for diakoni

Plan for diakoni

Samandrag

Utgangspunktet for Plan for diakoni i Den norske kyrkja som no ligg føre, er Guds kjærleik og rettferd. Planen vil oppmuntre alle døypte til å utøve diakoni, han peikar på den diakonale dimensjonen i alle tilhøve i kyrkjelyden og på spesifikke diakonale tiltak. Diakonien både utfordrar i den lokale kvardagen og kallar til eit globalt ansvar.

Plan for diakoni låg første gongen føre i 1988. Våren 2005 vedtok Kyrkjerådet å få planen revidert. Ei arbeidsgruppe har gjort eit grundig arbeid med planen, han har vore ute til høyring to gonger og blant anna òg vore drøfta med dei diakoniansvarlege i bispedømmeråda ved fleire fagsamlingar.

Planen har heile det diakonale feltet for auget, men hovudmerksemda er retta mot sokneråda og fellesråda som ansvarlege for dei lokale planane. Planen er retningsgivande idet lokale planar skal spegle av dei fire hovudområda som planen nemner. Heilskapstenkinga i planen omfattar blant anna gudstenestelivet og trusopplæringa som innsatsområde. Det er ein føresetnad at innføringa av planen tek omsyn til ei heilskapleg og tverrfagleg tenking omkring innføringa av reformprosessar og andre planar som er under utarbeiding i Kyrkjerådet. Planen oppmodar til samarbeid med diakonale institusjonar og organisasjonar og dessutan aktuelle frivillige organisasjonar og offentlege instansar.

Skal ein ta vare på dei viktige områda planen peikar på, på ein god og fagleg forsvarleg måte, trengst det fleire ressursar til diakonien, ikkje minst i form av stillingar

Framlegg til vedtak

Kyrkjerådet tilrår at Kyrkjemøtet gjer slikt vedtak:

Kyrkjemøtet vedtek Plan for diakoni i Den norske kyrkja. Planen skal gjelde frå 01.01.08.

Saksorientering

Bakgrunn

Med heimel i lov om ordning for Den norske kyrkja vedtok Kyrkjemøtet i 1987 Plan for diakoni i Den norske kyrkja. Planen vart utgitt i 1988 saman med ei rettleiing for lokalt planarbeid. Endringar i fleire lovverk førte til ei oppdatering administrativt i 1995 ettersom ein del faktaopplysningar ikkje lenger var korrekte. På oppdrag frå Kyrkjerådet gjennomførte Diakonhjemmets høgskole i 1995 ei undersøking om kor kjend og brukt diakoniplanen var i kyrkjelydane, og korleis han vart vurdert. Sjølve planen fekk mykje god omtale, men undersøkinga konkluderte likevel med at "den (planen) ikke har fått det innhold, den markedsføring og den oppbacking frå sentralkirkelig hold som kunne gjort den mer sentral i menighetens samlede virksomhet." Deretter vart det satsa ressursar på nye forsøk på innføring av Plan for diakoni i kyrkjelydane. I 2002 viste eit overslag at ca. 50 % av kyrkjelydane hadde utarbeidd ein lokal plan.

I 2004/2005 vart det gjort ei nasjonal kartlegging av kyrkjelydsdiakonien i Den norske kyrkja: "Kirke og helse. Kartlegging av diakonalt helsearbeid innen Den norske kirke." Kartlegginga var finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet og utført av Diakonhjemmets høgskole. Ho konkluderer blant anna med at "Menighetsdiakonien i Dnk er betydelig, allsidig og bredt arbeid som innebærer mange ulike arbeidsmåter, tiltak og aktiviteter rettet mot ulike målgrupper."

I 2005 vart det bestemt å utarbeide ein plan for kyrkjemusikk og å revidere diakoniplanen med tanke på kyrkjemøtebehandling i 2006 (KR 17/05).

Arbeidet med planen

Arbeidsgruppe, høyringar og dialog med diakonale miljø

Ei revisjonsgruppe vart bedt om å arbeide med eit utkast til ein ny diakoniplan. Trass i nokre endringar har gruppa heile tida vore slik samansett at ho har hatt representantar frå diakonien på kyrkjelyds- og bispedømmenivå og frå utdannings- og institusjonsdiakonien. Også Kyrkjeleg Arbeidsgivar- og interesseorganisasjon har heile tida vore representert. Diakonirådgivaren i Kyrkjerådet har leidd arbeidet.

Utkastet til ein ny diakoniplan vart sendt på høyring våren 2006. Det kom inn mange høyringssvar med viktige innspel. Revisjonsgruppa meinte det var behov for ei grundig omarbeiding av planutkastet. Derfor tilrådde sekretariatet overfor KR å ikkje fremje planen på KM 2006. På denne bakgrunn bad Kyrkjerådet revisjonsgruppa halde fram med arbeidet.

Høyringsfråsegnene i 2006 førte til at oppbygginga av planen vart revidert. I tillegg endra ein noko både på definisjonen og omgrepsbruket og forenkla det teologiske kapittelet. Planen vart sendt ut på ei avgrensa høyring våren 2007. Tilbakemeldingane var stort sett

positive. Dei fleste gav uttrykk for at ein langt på veg hadde teke omsyn til innspel frå den førre høyringa. Dette kom òg til uttrykk i samband med innspel som gjaldt definisjonen, som hovudsakleg fekk stor tilslutning. Formuleringa ”Vern om skaparverket” vart vel motteken. Sidan det var noko skepsis å spore i høve til dette temaet ved førre høyringa, kan det verke som om det har skjedd ei haldningsendring siste året. Likevel var det nokre få som peika på faren for at mennesket skulle få for liten plass i høve til resten av skaparverket.

Mange meinte planen godt kunne vere kortare, samtidig som dei fleste ville ha med meir på mange område.

Etter denne siste, avgrensa høyringsrunden vart utkastet igjen revidert. Justering av definisjonen var ein del av denne revisjonen.

Dialog med ulike diakonale miljø

Dei diakoniansvarlege i bispedømmeråda har ved fleire høve vore med og drøfta innhaldet i planen og har kome med verdifulle innspel. Diakoniseret Lovisenberg og Diakonhjemmet har hjelpt til med konkrete innspel og råd, det same har Fagutvalet for diakoni i KR. Diakonirådgivaren har ved fleire høve presentert planen eller problemstillingar frå planen og teke med tilbakemeldingar inn i arbeidet, her kan ein nemne stiftsdagar i Agder og Telemark, årsmøte i Oslo stift av Det norske diakonforbund, fellesdag for diakonistudentane ved Diakonhjemmet og Diakonova, Utval for ungdomsspørsmål, Utval for kjønn og likestilling og Samarbeidsrådet for barne- og ungdomsarbeid. Internt i KR har fleire uformelle grupper og enkeltpersonar vore med og gitt innspel undervegs. Det har vore eit nært samarbeid med representantar for Samisk kyrkjeråd, og samiske verdiar viser att fleire stader i planen. Blant anna har det vore ein dialog i prosessen omkring diakonidefinisjonen. Her har samiske innspel gitt viktige føringar. I arbeidet med planen har ein òg hatt ein dialog om arbeidet med å greie ut konsekvensar av at diakontenesta eventuelt kan bli ein del av den ordinerte tenesta i kyrkja.

Definisjonen av diakoni

Definisjonen i den gjeldande planen for diakoni lyder slik: *”Med diakoni er meint kyrkjas medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid og den teneste som i særleg grad er retta mot menneske i naud.”* Det var særleg uttrykket *”... retta mot menneske i naud”* som kunne trenge ei omskriving for å unngå ei sterk framheving av eit *”dei/vi”-forhold*, eit *”givar/mottakar”-forhold*.

I høyringsutkastet frå 2006 lydde definisjonen *”Diakoni er kyrkja si medmenneskelege omsorg som blir uttrykt gjennom inkluderande fellesskap, miskunn og solidaritet med dei som lid, vern om skaparverket og kamp for rettferd og fred.”* Etter høyringa vart denne definisjonen forenkla til *”Diakoni er kyrkja si medmenneskelege omsorg. Den blir uttrykt gjennom inkluderande fellesskap, miskunn, solidaritet og vern om skaparverket”*. Denne definisjonen var utgangspunktet då den nye fasen i arbeidet starta hausten 2006.

Definisjonen sikrar fleire viktige element: Første setninga er kort og enkel å hugse og gir ein *”styrt” kortversjon*, ein unngår *”private kortversjonar”*. Vi presiserer at her handlar

det om den omsorga kyrkja gir, og pkt. 2 i intensjonen frå KM 08/04, der ein føreset at diakonien er ei omsorgsteneste, ligg fast. Ved å bruke ordet "medmenneskeleg" understrekar ein det som er ein raud tråd i heile planen, nemleg gjensidig- og kvarandre-perspektivet. To av dei fire underledda skapte mykje diskusjon. Det gjeld "miskunn", som vart erstatta med "nestekjærleik", og "solidaritet", som vart erstatta med "kamp for rettferd". Kort sagt gjekk diskusjonen på at *miskunn* er eit sentralt, diakonalt omgrep, nokre vil seie meir diakonifagleg dekkjande enn nestekjærleik. Men ordet "miskunn" gir òg ulike assosiasjonar som går på at det er eit gammaldags omgrep (sjølv om det no har fått sin renessanse m.a. i sjukepleie), eit for stort ord som berre er for specialistane og dei frommaste, og sist, men ikkje minst at mange knyter det til ei ovanfrå-og-ned-haldning, der den sterke er miskunnsam mot den svake. Derfor valde ein ordet "nestekjærleik", som ikkje gir slike uønskte assosiasjonar hos dei fleste. *Solidaritet* er eit viktig innhald i diakonien, men ein ønskte å tilføre definisjonen ein dimensjon av det pågåande, kjempande, profetiske. Ein mottok mange positive tilbakemeldingar på dette valet, men òg meldingar om at det kan verke framandt for nokre. Omgrepet "kjempe" er allereie brukt i Strategiplan for Dnk for 2005–2008: "...kjempe for fred, rettferd og forsoning." Revisjonsgruppa vurderte det som uheldig at den heimlege diakonien vår lett blir for "snill", og ønskte å halde på omgrepet for på den måten å framheve andre sider av diakonien òg.

Med tilvisning til KM 08/04 "Diakonal tjeneste i Den norske kirke med hovedvekt på diakontjenesten og embetsforståelsen" kom det innspel om at definisjonen ikkje var fullgod. Leddet "Den (diakonien) er evangeliet i handling" vart lagt til, noko som har fått positiv tilslutning frå mange.

Definisjonen som stod i høyringsutkastet 2007, lydte etter desse vurderingane slik: "*Diakoni er kyrkja si medmenneskelege omsorg. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom inkluderande fellesskap, nestekjærleik, kamp for rettferd og vern om skaparverket.*"

Den viktigaste innvendinga som kom fram i høyringa, gjaldt første setninga. "Medmenneskelege omsorg" vart oppfatta slik at leddet "vern om skaparverket" var antroposentrisk grunnsett. Ein valde å leggje vekt på den innvendinga. Forslaget "omsorg for medmenneske og skaparverk" vart forkasta fordi ein då kom tilbake til subjekt-/objekttenkinga, den "sterke" kyrkja som har omsorg for dei svake. Derfor valde ein "diakoni er den omsorgstenesta som kyrkja gir" som den endelege formuleringa. Dette rommar mennesket og resten av skaparverket, har med omsorgsomgrepet og knyter det til tenesteomgrepet. Gjensidigaspektet er noko svekt, men er så tydeleg elles i planen at KR valde å tilrå denne definisjonen:

"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd."

Planen – innhald, målgruppe og oppbygging

Plan for diakoni tek for seg heile det diakonale feltet og har soknerådet som den primære målgruppa. Også ulike kategoriar av tilsette i kyrkjelydane, kyrkjelege fellesråd og diakoniutval kjem til å bruke planen.

Dokumentet er ein rammeplan som er retningsgivande for arbeidet med lokale diakoniplanar. Tanken er at alle dei fire områda som er nemnde i planen – nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd – blir vurderte i høve til dei lokale utfordringane.

Første delen av planen inneheld ei kort teoretisk innføring i teologien og dei ulike arbeidsformene i diakonien og i samfunnskonteksten. Den andre delen er praktisk retta med utvikling av den lokale diakonien som mål. Eit vedlegg inneheld ei enkel rettleiing til den lokale planprosessen, mal for eit enkelt planskjema, forslag til litteratur og linkar til aktuelle nettstader med meir. Planskjemaet kan bli endra i ei tilpassing til heilskapen med dei andre planane som er under arbeid. Kyrkjerådet har vedteke eit felles forord for alle planane, dette er innarbeidd i Plan for diakoni.

Særpreget ved planen

Den gjeldande planen for diakoni har halde seg godt og vore ein eigna arbeidsreiskap. Med ein ny plan har det likevel vore naturleg å endre noko på fokus.

Gjensidigaspektet og kvarandre-dimensjonen er allereie nemnde. Tenkinga om at livet har ulike sider, og at dei fleste er både mottakarar og ytarar, pregar planen. Dette fell godt saman med at planen meir enn tidlegare òg set søkjelyset på den allmenne diakonien, at alle døypte er kalla til å vere diakonar i kvardagen. Planen framhevar òg at alle aldersgruppene er med, både som aktørar og som mottakarar. Kyrkjelyden blir utfordra til å gjere born og unge til diakonale utøvarar blant anna gjennom trusopplæringsprogrammet.

Planen legg òg større vekt på den diakonale dimensjonen ved gudstenesta og ved alt livet i kyrkja. Diakoni er ei haldning som skal gjennomsyre alt liv i kyrkjelyden. Planen speglar av nye utfordringar i samfunnet: det fleirkulturelle, endra familie- og relasjonsmønster, ulike utfordringar frå globaliseringa med blant anna rettferds- og fattigdomsproblematikken og sist, men ikkje minst, utfordringane frå dei menneskeskapte klimaendringane.

Ein har prøvt å setje den kyrkjelege diakonien i eit heilskapsperspektiv. Den spesialiserte diakonien, òg i form av institusjonsdiakonien, vil kunne bruke mykje av tankegangen i denne planen. Det er ønskjeleg med eit utstrekt samspel og samarbeid mellom soknediakonien og diakonale institusjonar og organisasjonar. Planen oppmuntrar elles i stor grad til samarbeid både i kyrkja og i høve til offentlege og frivillige instansar.

Plan for diakoni og anna planarbeid

Vedtaket frå 2005 gjekk ut på å fremje Plan for kyrkjemusikk saman med Plan for diakoni for Kyrkjemøtet året etter. Då arbeidet med dei to planane starta, var det lagt opp til at ein skulle skrive dei ut frå same malen. Resultatet vart likevel ganske ulikt. Det kan blant anna kome av at strukturen for dei to arbeidsområda er så forskjellig.

Det går føre seg fleire prosessar i plan- og reformarbeidet i KR. Det blir arbeidd med ein plan for kyrkjemusikk og for trusopplæring. KM 08 skal vedta ein ny strategiplan for Dnk. Gudstenestereforma og ny salmebok skal på plass. Prosessen med å tenkje gjennom ei heilskapleg tilnærming til planane og innføringa av dei går kontinuerleg. Det blir viktig å leggje vekt på heilskap og integrasjon av dei ulike områda. Det overordna målet er at dei ulike planane og reformene skal vere nyttige reiskapar i den lokale kyrkjelydsutviklinga.

I denne prosessen kjem Plan for diakoni først ut. Tida er overmoden for å vedta ein ny diakoniplan no. Det er viktig at den positive verknaden og inspirasjonen som ein ny plan vil gi diakonien lokalt, kjem kyrkjelydane til gode snarast råd.

Innføring av planen

Planen må trykkjast på bokmål, nynorsk, nord-, sør- og lulesamisk. Eit felles layout-program for alle planane som for tida er under arbeid, vil avgjere forma og layouten. Det blir òg arbeidd med konkrete planar for innføringa av planane lokalt. Innføringa får verknader for sentral-, regional- og lokalnivåa i rådsstrukturen og for kontakten med institusjonsdiakonien, utdanningsinstitusjonane og ulike grupper tilsette. Det blir viktig å utarbeide faglitteratur, rettleiingshefte og nye metodar. Det vil vere nødvendig å leggje til rette for utviklingsprosjekt. Her kan ein tenkje seg tema om forsoning, ungdom og diakoni, samarbeidsmetodar for lokalkyrkjelyd og lokale diakoniinstitusjonar og diakoniorganisasjonar, samhalding av diakoni og trusopplæring og diakoni og gudstenesteliv. Behovet for utviklingsprosjekt vart understreka i høyringssvara.

I fleire av høyringssvara er det sterke utsegner om at det må kome ressursar til diakonien i samband med den nye planen.

Undersøkinga "Kirke og helse" (Diakonhjemmets høgskole, 2005) viser kor mykje ein diakon har å seie for det diakonale arbeidet. I undersøkinga er det peika på at samarbeidet med offentlege instansar i det kontakt- og fellesskapsbyggjande arbeidet er relativt lite utbreitt. Her ligg potensial for større samordning mellom kyrkjelyden og offentlege instansar. Gjennom heile rapporten er det eit gjennomgåande trekk at det å ha diakon, styrkjer både det diakonale arbeidet i kyrkjelyden og samarbeidsrelasjonane til det offentlege. Samtidig som planen blir innført, må ein derfor arbeide aktivt overfor kyrkjelege og offentlege styresmakter for å auke talet på soknediakonar drastisk. Målet må vere at det skal vere ein diakon i kvar kyrkjelyd med over 4000 medlemmer. Det blir blant anna vist til "Opptappingsplan for kirkelig bemanning" (Kyrkerådet 2001), der det går fram at det trengst meir enn 600 nye diakonstillingar.

Vidare vil det vere behov for ressursar til kurs og utdanning av frivillige medarbeidarar. Det kan òg bli aktuelt med tiltak for å heve kompetansen blant diakonar og diakoniarbeidarar som allereie er tilsette i ei stilling.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Det blir arbeidd med ein heilskapleg utgivingsstrategi i Kyrkjerådet. Her høyrer det òg med ei vurdering av den generelle strategien når det gjeld tilhøvet mellom trykte utgivingar og publisering på Internett, også med tanke på publisering av nye plandokument og rettleiingsstoff til plandokumenta. Diakoniplanen er den første av fleire nye kyrkjelege planar som skal publiserast. Det blir lagt opp til at dei nye planane skal ha ei ny felles formgiving, og at språkkvaliteten må vere god.

Den nye diakoniplanen blir utgitt etter at Kyrkjemøtet har gjort vedtak. Den gjeldande diakoniplanen er utgitt både på bokmål og nynorsk, og som nemnt ovanfor, er det tanken med den nye planen òg. Vidare blir det lagt opp til å trykke planen på dei samiske språka. Det er kome oppfordring om at planen, tilliks med den gjeldande, òg skal omsetjast til engelsk snarast råd er, slik at han kan kome til nytte i andre lutherske kyrkjer og i det økumeniske arbeidet.

Kostnadene med å gi ut den nye planen blir innarbeidde i budsjettet for 2008. Det er naturleg å distribuere eitt gratis eksemplar til sokneråda, fellesråda og prostane.